

Tettare, rikare og tryggare

Enkelte forskingsmiljø jobbar målretta med å minske avstanden mellom administrativt og vitenskapelig tilsette. Slikt kan gje resultat.

Side 14–19

Det er den boka vi ber på

Forskerforum vil løfte fram fagbøkene som rettar seg mot eit breiare publikum. Men motstandslause er vi ikkje.



FOTO: ERIK NORRUD

Anne Sverdrup-Thygeson formidlar naturkunnskap i alle kanalar. Her er ho hjå Abels Tårn i NRK P2. Stipendiat Andreas Nakkerud til venstre.

– Jeg har en drøm om å skrive noe helt fritt og fabulerende. Ett av bokprosjektene jeg har i hodet, skal være en fagbok, en frittstående fagbok uten en eneste fotnote eller referanse. Jeg vil slippe fri fra referansenes tvangstrøye. Det sa Dag O. Hessen til Forskerforum for eit par år sidan. Biologen som har skrive ca tretti bøker, har bokdraumen klar.

No veit eg at du er ein av dei som les leiarane i Forskerforum, iallfall fram til det vert for kjedeleg. Men les du bokmeldingane? Ikkje veit eg, men no skal eg fortelje kva som ligg bak dei og kva vi vil med dei.

Løns- og arbeidsvilkår for medlemene i Forskerforbundet er kjernen i interessefeltet for Forskerforum. Bokmeldingar ligg eit stykkje unna, og kvifor bruker vi likevel ressursar og spalteplass på dei? For det fyrste er formidling av forskingsbasert kunnskap ei viktig oppgåve for forskarar. Vi er neste tannhjul i maskineriet. Her er boka, seier vi, og her er den kvalifiserte vurderinga til mel-

daren vår! For det andre har vi eit publikum som er over gjennomsnittet interesserte i å lære ved å lese sakprosa. For det tredje ser vi på bokkritikken som eit samfunnsoppdrag. Mange redaksjonar har dei siste åra spart inn på dette feltet, men eg vil lynsnart nemne nokre viktige unntak, som òg har eit overlappende interessefelt til vårt: Klassekampen, Morgenbladet og Prosa.

Liksom Forskerforum treng bøkene, treng bøkene oss. Nokre bøker får meldinga i Forskerforum som den einaste, og vi tek mål av oss til å vere ein viktig deloffentlegheit på feltet. Denne tankegangen ser ut til å ha nådd fram hjå Fritt Ord. Dei siste åra har stiftinga gitt oss støtte til å auke talet på bokmeldingar, og i år har kritikarane våre vurdert i alt 40 bøker.

Forskarar skriv mange slags bøker, med og utan poeng i teljekantsystemet. Dei skriv avanserte og smale bøker som vender seg mot forskarar i same fagfelt, bøker som fyrst

og fremst er meint for studentar og bøker for dei allmenne lesarane. I Forskerforum er vi interesserte i den sistnemnde kategorien. Hovudtyngda av bøkene vi vel for melding er retta mot eit oppvakt og intellektuelt, men ikkje fagspesifikt publikum. Kjemikarane har kjemitidsskrift der kjemikarar kan melde kjemibøker. Vi er ein publikasjon på tvers av faggrenser, og hjå oss skal musikkvitaren kunne lese forstålege meldingar av forstålege bøker om geologi.

Utgivarane av bøker i nisjen vår er ein rik flora på 20–30 forlag. Oslo-dominansen er ikkje total. Blant desse forlaga er Museumsforlaget i Trondheim, Orkana forlag i Stamund i Lofoten og Skald i Sogndal. Til saman gjev dei ut fleire bøker enn vi rekk over, og her er nokre uvitskaplege funn om utgivingane i sjangeren vår. Det er fleire mannlege enn kvinnelege forfattarar. Historisk-filosofiske og samfunnsvitskaplege fag er overrepresentererte, medan dei naturvitskaplege bøkene er færre. Det kjem ut fleire klimabøker enn vi kan halde tritt med, og eg vedgår at det kan vere vanskeleg å velje og velje vekk.

Sidan vi altså er ein publikasjon på tvers av fag, må kritikarane våre vere generalistar. Dei skal presentere bøkene, vurdere dei – med best mogleg argumentasjon – og konkludere. I dette bladet (side 37) har dei ettertenksamt valt ut dei beste bøkene dei har meldt i året som gjekk. Emna varierer frå Syria og Kina til maktkampar i mellomalderen og kulturhistoria om svevn. Kronologisk spenner dei frå førhistorisk tid til dagens krig i Ukraina.

Kva mening finn forskarane i å skrive for eit publikum utanfor fagfeltet? Høyr på det Anne Sverdrup-Thygeson, som har nådd breitt ut med bøker om insekt, sa til oss i 2020: – Den første boka mi vart omsett til 22 språk, men det gjev null uttelling i systemet. Men eg får oftare den umiddelbare kjensla av å gjere noko nyttig når eg er ute og snakkar for folk, eller får høyre at boka mi har endra folks syn på naturen litt, enn når eg skriv ein fluffy prosjektsøknad.

Med det seier eg godt nytt år. Skriv den der drøyme-boka!



Kjetil A. Brottveit
Redaktør

Hjå oss skal musikkvitaren kunne lese forstålege meldingar av forstålege bøker om geologi.



14 Herskap og tjenere

En del administrativt ansatte på universitetene føler at kunnskapen deres blir lite verdsett. Senterleder Daniel Naurin er takknemlig for en god administrasjon.



22 I klartekst

En akademisk tekst kan bli klarere om den leses som musikk, mener Johan Tønnesson. Her deler sakprosa-nestoren noen av sine triks.



26 Historier fra giftprotokollene

Apotekene solgte mye gift på 1800-tallet. Listene over hva som ble solgt er rike kilder til å forstå hva som skjedde i lokalsamfunnet, sier historiker Anne Mette Seines.

4 Krigen rammer klimaforskning

Den russiske krigføringen går utover klimaforskningen i Arktis. Jo lenger krisen varer, jo større blir problemet, sier klimaforsker Hanne Hvidtfeldt Christiansen.

6 På pletten med norsk

Engelske faguttrykk rykker inn og fester seg raskt. Møt en terminologigruppe i Bergen som diskuterer seg fram til norske alternativ.

8 Tøft lønnsoppgjør venter

Etter kraftig prisvekst i 2022 har de fleste fått redusert kjøpekraft. Det blir et utfordrende oppgjør i 2023, varsler Guro Elisabeth Lind, leder i Forskerforbundet.

9 Forskningsrådet endrer praksis

Forskningsrådet strammer inn på krav om habilitet. – Det virker som om de har tatt hensyn til kritikken de har fått, sier advokat Marianne Dragsten.

10 Levende leksikon

Leksikonartikler skal ikke være flammende innlegg. De skal være kjedelige. Det sier leksikonredaktør Erik Bolstad, som jakter skrivende fagfolk.

FASTE SIDER

- 12 Innland
- 20 Utland
- 30 20 nøtter
- 31 Ti kjappe
- 32 Bøker
- 36 Bokåret 2022
- 39 Tilbakeblikk
- 40 Kronikk
- 41 Gjesteskribenten
- 42 Debatt
- 45 Informasjon fra Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 1/2023 – 55. årgang

FAGBLAD OM FORSKNING OG HØYERE UTDANNING

Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo. Telefon: 21 02 34 00

ANSVARLIG REDAKTØR: Kjetil A. Brottveit, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: Julia Loge, julia.loge@forskerforum.no,

JOURNALISTER: Lina Christensen, lina.christensen@forskerforum.no

Asle Olav Rønning, asle.olav.ronning@forskerforum.no

Kjerstin Gjengedal, kjerstin.gjengedal@forskerforum.no

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

ANNONSER: Salgsfabrikken v/Ann-Kristin Valby (Kikki)

E-post: annonser@forskerforum.no. Mobil: 901 19 121

Design: Concorde Design. Trykk: Ålgård Offset.

ISSN 0800-1715. Opplag: 22 314



HANNE HVIDTFELDT CHRISTIANSEN

Professor og forsker på permafrost ved
Universitetsenteret på Svalbard

AKTUELL MED: Russlands krigføring i Ukraina
rammer klimaforskningen i Arktis.

NYTT JERNTEPPE

På grunn av Putins krigføring mangler klimaforskere
tilgang på data fra halvparten av Arktis.

- Hvis man henger i et helikopter rett over Nordpolen og ser ned på jordkloden, så vil man se at 50 prosent av Arktis ligger i Russland, sier danske Hanne Hvidtfeldt Christiansen, som her forsøker å skissere det mest presise oversiktskartet over Arktis. Christiansen forsker på hvordan permafrost reagerer på klimaendringer. For å måle klimagasser fra permafrost er hun avhengig av data fra hele Arktis. Men etter 24. februar 2022 har hun og andre klimaforskere vært nødt til å klare seg uten halvparten av de arktiske landområdene.
- **Hvorfor er kunnskap om permafrost så viktig for klimaforskningen?**
- Permafrost defineres ut fra temperaturlstanden i bakken, altså hvis bakken er frossen i mer enn to år sammenhengende. Hvis permafrosten tiner, så frigis klimagasser som metan og CO₂. Dette krever internasjonal observasjon.
- **Når halvparten av Arktis ikke leverer data, hva slags data går tapt?**
- Vi har ikke tilgang til målinger av temperaturen i permafrosten og målinger av klimagasser som frigis fra permafrosten på russiske områder. Det vil si at forskerne som modellerer hva som skjer med permafrosten i framtiden, ikke kan være sikre på at de regner riktig. Permafrosten i Russland er annerledes enn den som finnes i Nord-Amerika, fordi store områder av Sibir er dekket av meget gammel og tykk permafrost. Mange land, for eksempel Tyskland, har ganske stor forskningsaktivitet og samarbeid med Russland. Nå er alle sammen på utkikk etter nye steder å drive forskning.
- **Du har sagt at de kortsiktige konsekvensene er håndterbare, men at det er verre med de langsiktige konsekvensene. Hva frykter du kan skje med forskningen på lang sikt?**
- At man får et større og større gap i datasett som man ønsker tilgang til. Jeg forsker på permafrosten på Svalbard, og når jeg publiserer, har jeg behov for å sammenligne med hva som

skjer i Russland, i Canada eller andre steder med permafrost. Når halvparten av dataene ikke lenger er tilgjengelig, så vil det på lengre sikt være vanskelig å drive slik forskning og forankre den internasjonalt. Det betyr at jo lenger krisen varer, jo større blir problemet, og jo lengre tid vil man mangle data.

– **Har du og dine permafrost-kolleger vært nødt til å legge planer på is etter krigsutbruddet?**

– Senest i forrige uke snakket vi om den neste internasjonale permafrostkonferansen, som skal være i Canada i 2024. Hva gjør vi da? Vil russiske forskere få lov til å komme? Vi er nødt til å planlegge uten å vite om det lar seg gjøre å ha med alle aktører. En internasjonal konferanse om permafrost er per definisjon for alle, og Russland er en av de fire store permafrostnasjonene, men det er vanskelig å vite hvordan man skal håndtere det.

– **Universitetet i Tromsø har sagt at de i større grad vender forskningssamarbeidet mot Canada. Er det mulig å vri mer av forskningen dit eller til andre steder i Arktis for deg også?**

– Ja, det tenker jeg er helt naturlig. Jeg må innrømme at jeg den første måneden etter at krigen brøt ut, var ganske deprimeret. Verdensbildet endret seg, du er bare et menneske, og det tar tid å komme over det. Men så tenkte jeg – faen – selvfølgelig skal vi få dette til å fungere. Det er faktisk noen lyspunkter: Vi i Norden har hele den klimatiske variasjonen som finnes, fra det kaldeste kalde Arktis i Nord-Grønland til det varmeste varme Arktis på Svalbard. Det tar deg to timer å fly mellom de plassene. Innenfor Norden har vi også alle typer økosystem representert, fra finske skoger til store arktiske ørkener på Nord-Grønland. Så vi er egentlig godt stilt. Det første logiske skrittet er å se til Norden, så er neste skritt å ta med resten av Arktis, altså Nord-Amerika. Jeg tror at det betyr at vi får et styrket forsknings- og utdanningssamarbeid med Nord-Amerika og Europa.

– **Hvordan anser du utsiktene for det framtidige forskningssamarbeidet med Russland?**

– Det har kommet et nytt jernteppe. Jeg tror ikke dette vil endre seg nok i min forskerkarriere til at jeg kommer til å interagere direkte og i særlig stor grad med russiske forskere, dessverre. Det tar tid å bygge forskning, og derfor tåler man ikke så store brudd som vi ser nå. Nå begynner vi å lage nye samarbeid og forplikter oss andre steder. Lengden på krigen får betydning for konsekvensene, og jeg tror beklageligvis at krisen er langvarig.

– Men så tenkte jeg – faen – selvfølgelig skal vi få dette til å fungere.

- **Arktisk råd har stanset alle forskningssamarbeid med Russland. Det samme har Norge og EU. Er du enig i at det er riktig med full stans?**
- Det er bestemt av regjeringen, og er det samme over hele Europa. Jeg synes det er riktig. Vi skal ikke finne oss i hva som foregår, derfor reagerer vi kraftig. På et tidspunkt må vi finne ut hvordan vi kommer ut av det, men det krever også mye fra Russland. Det de holder på med nå, viser at de er langt unna.
- **Du var president i International Permafrost Association fra 2016 til 2020, som ifølge en artikkel i Altinget blant annet driver med forskningsdiplomati. Ser du for deg at det er mulig å omgå det politiske og likevel samarbeide om forskning med Russland?**
- Ja, forhåpentligvis, og kanskje. Men da er vi avhengig av politikere som er villige til det. Hvis de tillater å åpne opp noen kanaler, så kan det hende at den første kanalen er forskning. Under den kalde krigen så reiste amerikanske, kanadiske, kinesiske og sovjetiske permafrostforskere og besøkte hverandre for å myke opp forholdene, men det var med politisk

velsignelse. Man kan godt forestille seg at forskning er en relativt ufarlig måte å få i gang et samarbeid på, men jeg tror dessverre vi er langt unna. Under den kalde krigen var det ingen aktiv krise på samme måte som nå.

- **Du er for øyeblikket på forskningsopphold i Danmark, men vanligvis holder du til på Svalbard, et sted med både storpolitisk interesse og russisk bosetting i Barentsburg. Hvordan merker du krigen der?**

– Man merker det nok mer på Svalbard enn nesten alle andre steder i verden, fordi det er så tett på, og fordi det også bor russere i Longyearbyen. Vi har blant annet pleid å dra til Barentsburg eller Pyramiden for å vise studentene forskjellen på hvordan man designer infrastruktur på permafrost i Vesten og i Russland. Det har man enkelt kunnet gjøre på Svalbard ved å reise til en by seks mil unna, men det kan vi ikke like lett gjøre lenger, da disse stedene støttes av den russiske staten.

◆ AV LINA CHRISTENSEN

■ – Da den kalde krigen herjet som verst, var forskning et av områdene man brukte til å ha kontakt mellom øst og vest, sier Hanne Hvidtfeldt Christiansen.



FOTO: OLE HUMMELUM

Språkmakarane

Korleis seier ein «quorum sensing» på norsk? Møt fagpersonane som lagar det norske fagspråket.



FOTO: PAUL SIGVE AMUNDSEN

■ Dag Helland (f.v.), Ann Helen Langaker og Tom Kristensen prøver å finne norske fagtermar raskare enn dei engelske rekk å etablere seg.

SPRÅK – Det er interessant at svenskane har valt «regulering», seier Tom Kristensen, og held fram:

– Det er ikkje så dårleg, for då slår du to ... altså, «quorum sensing» er, for det første, at bakteriane finn ut kor mange av slektningane deira som er i nærleiken, og for det andre at dei regulerer gen-ekspressjonen sin, genuttrykket, utifrå kor mange dei er.

– Dei kan ikkje seie kor mange det er, men om konsentrasjonen er høg eller låg, skyt Dag Helland inn.

– Dei tel nok ikkje, nei, seier Kristensen.

– Men tenkjer de då at omgrepet er å regulere eller å registrere? spør Ann Helen Langaker.

– Det er reguleringa som er det viktige, seier Kristensen.

– Regulering er jo responsen, seier Helland.

– Og det er den som er viktig. At når det blir mange nok bakteriar, så blir nye gen uttrykte.

– Men er det ein eigen term for det? For

det er litt vanskeleg å omsetje «sensing» til «regulering», peikar Langaker på.

DEI SOM LAGAR FAGSPRÅKET

Forskerforum er fluge på veggene i eit lite møterom på Universitetsbiblioteket i Bergen, der termgruppa for celle- og molekylærbiologi er samla til det første fysiske møtet sidan før pandemien. Dei som er med: Tom Kristensen, professor emeritus i biokjemi ved Universitetet i Oslo; Dag Helland, pensjonert professor (han har innvendingar mot «emeritus») i bioteknologi ved Universitetet i Bergen; Ann Helen Langaker, seniorrådgjevar ved seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning i Språkrådet; Veronica Fitzpatrick Blihovde, overingenør ved Institutt for husdyr- og akvakulturvitskap ved NMBU og redaktør for tidsskriftet til Norsk biokjemisk selskap (med frå Austlandet via skjerm). Gruppa tel også to fråverande medlemmar, Erik Boye og Gyrid Nygård.

Det er etter kvart godt kjent at universiteta

og høgskulane har ansvar gjennom lover for å ta vare på og vidareutvikle det norske fagspråket. Og alle er samde om at fagspråkutvikling må skje i fagmiljøa – men korleis?

MÅ REAGERE RASKT

Termgruppa for celle- og molekylærbiologi arbeider med akkurat det. Fleire slike fagspesifikke termgrupper har kome i stand det siste tiåret, dei fleste på initiativ frå Språkrådet. Ann Helen Langaker har som ei av sine oppgåver å følgje opp språkpoltikken på helsefeltet, mellom anna gjennom ei gruppe for norsk medisinsk fagspråk.

Og sidan molekylærbiologi og medisin har mykje felles språk, deltek ho også i denne termgruppa.

Dagens møte er det første for Dag Helland, som vart rekruttert dagen før etter at instituttet hans vart invitert til å utnemne ein ny gruppemedlem. Både han og Kristensen – som har vore medlem sidan starten – har førstehands kjennskap til den rivande

– Målet er at redigeringsverktøyet skal være mest mogleg sjølvforklarande.

MARITA KRISTIANSEN

språklege utviklinga fagfeltet deira har vore igjennom dei siste tiåra.

– Det er eit fagområde der det stadig dukkar opp nye engelske termar. Så kan vi håpe at vi greier å vere så tidleg ute at vi får teke tak i dei og erstatta dei engelske termene med gode norske uttrykk før dei engelske rekk å slå rot, seier Kristensen.

NEI TIL «REGISTRERING»

Det er nykomaren Helland som er grunnen til at diskusjonen om «quorum sensing» tek så lang tid. Det er nemleg ikkje første gong gruppa diskuterer dette omgrepet. Eigentleg låg det eit nokså fiks ferdig forslag til norsk term i det fargekoda Excel-arket gruppa brukar til å halde oversikt over kva for omgrep dei skal diskutere på neste møte. Forslaget var «kvorumregistrering».

Men Helland markerer seg som ein aktiv gruppemedlem ved å straks ta dissens på ordet «registrering».

– Kva tyder det egentleg? Eg kjenner ikkje den molekylære mekanismen her, så vidt eg veit er det fleire ulike mekanismar for korleis ein bakterie kan sanse om han er omgjeven av få eller mange bakteriar, seier han.

Når Langaker legg ut på internett etter hjelp, viser det seg altså at den svenske systergruppa har tydd til ordet «regulering». Og dermed er heile definisjonen i spel.

– Kva om vi går tilbake til forslaga Helene (Bustad, tidlegare gruppemedlem, [journ.anm.](#)) har skrive inn, og startar definisjonen med «evna til ...», seier Langaker.

– Då må det i alle fall bli «bakteriars evne til». Elles kan det jo vere forskaren eller kven som helst si evne, seier Kristensen.

– Men er det godt å bruke «kvorum»? Kva med dei som ikkje veit kva det tyder? vil Helland vite.

– Slik er det jo med fagspråket, at termene gjeld spesifikke fagområde. Vår oppgåve er ikkje egentleg å tilgjengeleggjere omgrepet for alle, seier Langaker.

ALL TERMINOLOGI PÅ ÉIN STAD

Grunnen til at gruppa møtest i Bergen, er at UiB har fått ei rammeløysing for å bygge opp ein nasjonal digital infrastruktur for fagterminologi, Termportalen, der så mange termbasar som råd skal bli tilgjengelege for søk. Dette året har det vore hektisk aktivitet på bakrommet i Termportalen for å lage eit nytt og bru-

■ På sitt første termgruppemøte gjer Dag Helland det klart at han vil slåst ikkje berre for det norske fagspråket, men særleg det nynorske.



FOTO: PAUL SIGVE AMUNDSEN



– Framover vil det nok bli slik at vi i Termportalen tek meir ansvar for å sette i gang nye termgrupper, seier Marita Kristiansen.

Foto: Paul Sigve Amundsen

karvenleg søkebilete som er klart til lansering om lag når denne artikkelen kjem på trykk. Termgruppa har fått demonstrert det nye redigeringsverktøyet i Termportalen. Frå no av vil dei som arbeider med å utvikle fagtermar, kunne gjere mykje av arbeidet der.

– Målet er at redigeringsverktøyet skal vere mest mogleg sjølvforklarande, seier Marita Kristiansen, førsteamanuensis og fagleg leiar for Termportalen.

I og med ressursane Termportalen no får tilført, ønskjer ho seg ei mykje større satsing på å etab-

blere fleire termgrupper slik at ein får dekt heile den faglege breidda.

SPØRSMÅLET OM MERITTERING

Som korleis rekruttere fagfolk?

– Nokre tek kontakt sjølve og har lyst til å kome i gang. Dessutan har Språkrådet og Termportalen saman gjennomført ei spørjeundersøking om fagspråk mellom universitetstilsette denne hausten, der ein mellom anna kunne svare på om ein er interessert i å delta i termarbeid. Der fekk vi ei solid liste med namn, seier Kristiansen.

Som så ofte elles er det insentiv det kjem an på.

– Universitets- og høgskulesektoren har jo fått ei bestilling frå Kunnskapsdepartementet om å få fortgang i dette arbeidet. Det som

no blir diskutert, er om fagspråkutvikling skal bli meritterande. Kva for tidspott skal det takast frå, skal arbeidet honorerast? Skal det inngå i vurdering av pedagogisk kompetanse? Der er det framleis nokre grep som må gjerast i departementet og på høgare nivå i sektoren, seier ho.

ORDET FOR DAGEN

«Quorum sensing» er uavklart fram til neste møte. Men i diskusjonen har termgruppa til si overrasking oppdaga at den sentrale termen «genuttrykk» ikkje finst som oppslagsord i termbasen. Langaker legg inn dette oppslaget i Termportalen for å prøve ut redigeringsverktøyet.

– No skriv eg «genuttrykk» som tilrådd term, og «genekspresjon» som synonym, seier ho.

Så skal det lagast ein definisjon. Ofte vil definisjonen starte med eit «overomgrep», som det aktuelle oppslagsordet er ein spesifikk type av.

– Då kan du klikke på overomgrepet og sjå kva det tyder, og så vidare oppover i hierarkiet, seier Langaker.

Men i dette tilfellet finst det allereie brukbare definisjonar både i Store norske leksikon og i den svenske termbasen for molekylærbiologi. Gruppa endar med ein kombinasjon av dei to: «prosess i cella der informasjon i ein gen kjem til uttrykk som genprodukt, slik at cella får bestemte eigenskapar som form eller funksjon.»

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

Prisstigning spiste opp lønn

Høy prisstigning gjorde at de fleste gikk ned i reallønn i fjor. Årets oppgjør kan bli preget av ny strid om frontfaget.

■ I Forskerforbundets nye tariffavtale i staten er all lønn forhandlet lokalt. – Jeg oppfatter det slik at mange er fornøyde med handlingsrommet som er gitt lokalt, sier leder Guro Elisabeth Lind. Her fra framleggelsen av statsbudsjettet for 2023.



FOTO: LINA CHRISTENSEN



– Ingen kunne forutsi hvor ille prisveksten skulle bli, sier forhandlingsjef i Unio, Klemet Rønning-Aaby. Hele lønnsveksten i 2022 er spist opp av høye priser.
Foto: Unio



– På NTNU har vi vist at vi greier å ta vare på både det kollektive og de individuelle lønnsjusteringene, sier Marte Gangmark Villmo i Forskerforbundet ved NTNU om 2022-oppgjøret.
Foto: privat

LØNNSOPPGJØR 2022 skulle gi en moderat lønnsvekst for mange av Forskerforbundets medlemmer. Ansatte i staten fikk 3,8 prosent i lønnsøkning. Det skulle gi en reell lønnsøkning på om lag 0,4 prosent.

I stedet ble hele lønnsveksten spist opp av sterk prisstigning. Fasiten, i form av foreløpige tall fra teknisk beregningsutvalg (TBU), kommer i februar. De tallene vil bli finlest.

– Det ligger an til at prisveksten blir veldig mye høyere enn anslått, og reallønnsnedgang i 2022. Det betyr at det blir et utfordrende oppgjør i 2023, sier leder Guro Elisabeth Lind i Forskerforbundet.

VANSKELIG Å FORUTSI

Privat næringsliv har mulighet til å gi lokale lønnstillegg og bonuser utover høsten, og deler av næringslivet har vært rause. Offentlig sektor må holde seg til det som ble avtalt under forhandlingene i mai.

– Vi anslo før oppgjøret prisveksten fra 2021 til 2022 til 3,4 prosent. Ingen kunne forutsi hvor ille prisveksten skulle bli, sier forhandlingsjef Klemet Rønning-Aaby i Unio.

Økte priser på mat, strøm og mye annet har gjort store innhogg i lommeboka. Foreløpige anslag tyder på en prisvekst i fjor på opp mot 6 prosent. I stedet for en moderat lønnsvekst for offentlig ansatte vil fasiten for 2022 vise en historisk kraftig reallønnsnedgang, tror Rønning-Aaby.

KAN FÅ STERK LØNNSVEKST

Samtidig er inntrykket at det har vært gitt store tillegg i privat sektor gjennom lokale forhandlinger. Rønning-Aaby viser blant annet til store bonuser i Equinor. Han advarer om at offentlig sektor kan komme dårligere ut.

– Privat sektor går så det suser. Det ser

ut som om det har vært romslige oppgjør i mange bedrifter. De fleste steder går det bra, sier han.

Både i 2020 og 2021 fikk offentlig sektor lavere lønnsvekst enn industrien.

Også Guro Elisabeth Lind peker på den reelle lønnsutviklingen i industrien som viktig for hvordan 2023-oppgjøret blir. Den konkurranseutsatte industrien, gjerne kalt frontfaget, setter i praksis tempo for hele oppgjøret.

– Det blir spennende å se om frontfaget holder seg til ramma. Nå har vi opplevd et par år der offentlig sektor kommer dårligere ut enn industrien. Vi tåler ikke det et år til, sier Lind.

VIL LØFTE POSTDOKTORER

Forskerforbundet setter postdoktorer og stipendiater høyt på lista over dem som kan bli prioritert i år. Lind sier at det særlig er viktig

stilleget

å sikre at postdoktorene får en god utvikling.

– Noe av det vi bekymrer oss for nå, er lønnsutviklingen blant postdoktorene. De faller mellom to stoler. Vi skal ta inn over oss at postdoktorene er den gruppa som har vokst raskest i antall. Derfor er det også viktig at de blir godt ivaretatt, sier Lind.

Stipendiatene er på sin side sikret en årlig lønnsvekst på tre prosent i dagens avtale. Her kan problemet være at mange begynner på et lavt lønnsnivå. Lind sier at det kan være naturlig å satse på økt minstelønn for stipendiatene for å oppveie dette.

LITE EGNE PENGER

Arbeidsgiverne i offentlig sektor kan legge inn egne penger i potten for lokale forhandlinger, i tillegg til det som er forhandlet fram sentralt.

Dette kan være lønnsmidler som spares inn når eldre ansatte slutter og erstattes av yngre på et lavere lønnsnivå. Det kan også være penger som ellers skulle vært brukt på individuelle opprykk. Forskerforbundet ser dette som kompensasjon for lønnsglidningen som skjer i andre deler av statlig virksomhet.

– Her må institusjonene være seg sitt ansvar bevisst og legge inn ekstra i potten, selv når økonomien er stram, sier Lind.

I år skjøt Universitetet i Bergen inn om lag tre millioner kroner og Universitetet i Agder om lag to millioner kroner i forhandlingspotten.

VIKTIG SPØRSMÅL TIL VÅREN

Marte Gangmark Villmo er tillitsvalgt i Forskerforbundet ved NTNU, et av de største lokallagene i Forskerforbundet. På NTNU forhandlet Unio og Akademikerne fram et generelt tillegg til alle på 1,3 prosent.

I tillegg ble det også enighet om å prioritere stipendiatene med en lønnsøkning på to prosent på toppen av det de er sikret i den sentrale avtalen.

– Det har vært et komplekst oppgjør med nytt lønssystem og dessverre reallønnsnedgang for de fleste, sier Villmo.

– Vi er fornøyd med et generelt tillegg på 1,3 prosent. Vi ønsket oss at om lag halvparten skulle være som generelle tillegg. Men man kan ikke være helt fornøyd når medlemmene opplever reallønnsnedgang. Dette blir et viktig spørsmål for partene til våren, sier hun.

✦ AV ASLE OLAV RØNNING

SKJERPER INSTRUKS OM HABILITET

Forskningsrådet fikk kritikk for inhabilitet ved tildeling av milliardbeløp til nye forskningssentre. Nå endres praksisen.

FORSKNINGSRÅDET Forskerforum skrev i september i fjor at styret i Norges forskningsråd i 2020 bevilget 2,1 milliarder kroner til nye Sentre for forskningsdrevet innovasjon (SFI). Flere av styremedlemmene som var med på vedtaket, fikk nye sentre til egne institusjoner.

Det gjaldt blant annet Kenneth Ruud, som da var prorektor ved UiT Norges arktiske universitet, og Eli Aamot, leder for SINTEF Industri. Juss-eksperter Forskerforum snakket med, var kritiske og mente at reglene for habilitet i offentlig forvaltning kunne være brutt.

Forskningsrådet har tidligere ikke innrømmet feil i saken, og hevdet at det kan gjøres unntak fra habilitetsregler når flere søknader behandles under ett.

INTERN GJENNOMGANG

Nå har Forskningsrådet gjort om sin instruks for hvordan habilitet skal vurderes. I den nye instruks heter det at styremedlemmer ikke kan være med på tildelinger der de selv er inhabile, «selv om disse behandles som en del av en pakke».

Jesper Werdelin Simonsen er områdedirektør for investering, rådgivning og dialog i Forskningsrådet.

«For å sikre at habilitetsreglene tolkes og brukes riktig når det skal fattes vedtak

om tildelinger og avslag i våre styrever, gjorde vi en intern gjennomgang av disse. Forskerforums artikler belyste noen områder hvor det var behov for presiseringer», skriver Simonsen i en e-post til Forskerforum.

Han skriver at Forskningsrådet arbeider kontinuerlig med å legge til rette for at alle styrene som tildeler forskningsmidler, skal ha best mulige forutsetninger for å vurdere sin egen habilitet.

– HAR TATT HENSYN TIL KRITIKKEN

– Det virker som om de har tatt hensyn til kritikken de har fått. Dette er i tråd med det jeg mente måtte til. Slik som det nå fremstår, virker det greit, sier advokat Marianne Dragsten om den nye instruks.

Dragsten har tidligere sagt til Forskerforum at hun mente habilitetsreglene ble brutt ved SFI-tildelingen. Juristen, som er partner i advokatfirmaet Vaar, er ekspert på feltet og har skrevet flere bøker om offentlig forvaltning.

Hun sier at habilitetsreglene alltid gjelder når det er kjent hvem som er søker. Hensikten er å unngå at det skal gjøres skjønsmessige vedtak av styremedlemmer eller andre som er inhabile.

✦ AV ASLE OLAV RØNNING

■ – Det virker som om Forskningsrådet har tatt hensyn til kritikken, sier advokat Marianne Dragsten.



FOTO: VAAR ADVOKATFIRMA

Vil rekruttere fleire leksikonf

Det er gjerne dei som er glade i å undervise eller skrive lærebøker, som blir dei beste fagansvarlege, seier sjefredaktør Erik Bolstad i Store norske leksikon.

FORMIDLING Ein føremiddag på seinhausten er Bolstad innom Høgskulen på Vestlandet (HVL) i samband med det han kallar «den store verveturneen»: Han har vitja mange universitet og høgskular dette året, og målet er å rekruttere fagfolk til leksikonet.

ARTIKKEL MERKA MED «KRISE»

Ein av dei interesserte frammøtte er Ingebjørg Birkeland, pensjonist og tidlegare tilsett ved Senter for internasjonalisering i utdanninga. Ho er spesielt interessert i Spania og spansk historie.

– Når du slår opp artiklar om spansk litteratur eller historie hos SNL, så står det at dei manglar fagansvarleg. Spansk historie er kompliserte saker, og det er langt mellom ekspertane, seier ho.

Birkeland har til dømes mykje å utsetje på SNL-artikkelen om den spanske diktatoren Francisco Franco.

– Den forsøker å vere nøytral, slik på den eine og andre sida, men forskinga er vel nokså eintydig etter kvart.

Bolstad vedgår at Franco-artikkelen er

ein av dei som er merkte med «krise» i det interne systemet som fagansvarlege brukar for å halde styr på kva for artiklar som treng forbetring og oppdatering. Redaksjonen har nyleg hatt ein stor gjennomgang der tusenvis av artiklar vart oppdaterte og mange sletta.

INN I KLUBBEN

– Ein god del handlar om vekting. Vi har veldig mykje stoff om Frankrike, men knapt noko om Spania. Dei frankofile akademikarane har fått slå seg laus, med det resultatet at det finst hundrevis av biografier om folk frå den franske revolusjonen. Vi anar ikkje kva som er viktig og mindre viktig.

Noko av oppgåva til dei fagansvarlege er nettopp å identifisere hol i kunnskapsmengda. Ingebjørg Birkeland trur kanskje ho har noko å bidra med på det området.

– Eg tenkjer ikkje at eg kan vere fagansvarleg, for eg har ikkje oversikt, er ikkje fagperson, men eg kan vere med og finne hol og peike på faktafeil, seier ho.

Før møtet er over, har Bolstad lagt henne inn i systemet så ho kan starte arbeidet.

UNNGÅR PARTSINNLEGG

Det hender ofte at ein liten gjeng redaktørar og fagfolk sit på kveldane og fiksar og rettar på artiklar, kvar for seg, men likevel i eit fellesskap gjennom redigeringsverktøyet. «Strikkeklubben», kallar han det.

Nye skribentar og fagansvarlege må gjennom ein bakgrunnssjekk før dei får slå seg laus i artiklane.

– Når vi får tips om namn, sjekkar vi om det er plass til dei i landskapet, og om dei er nokolunde renommerte og ikkje galne.

Bolstad fortel at dei ofte er litt skeptiske til folk som melder seg sjølve og vil vere fagansvarlege, for det viser seg gjerne at dei har ein agenda og vil gå inn og endre på definisjonar eller argumentere for sine egne kontroversielle teoriar.

– Difor vil vi helst ha folk som er midt i fagfeltet. Oppgåva til ein leksikonskribent er å generalisere og referere konsensus. Ikkje skrive flammande innlegg om kvifor ein sjølv har rett og dei andre tek feil. Leksikonartiklar skal ikkje vere flammande innlegg for noko som helst. Dei skal vere kjedelege.

Store norske leksikon

- nettleksikon publisert gratis og ikkje-kommersielt sidan 2013
- eigd av Foreningen Store norske leksikon, ein ideell organisasjon som består av dei norske universiteta og ei rekkje andre ideelle organisasjonar
- gjekk frå papir til nett i 2000, først som ei lukka betalingsteneste, seinare reklamefinansiert
- er produsert av fagpersonar, hovudsakleg rekrutterte frå norske universitet og høgskular



■ Sjefredaktør Erik Bolstad (t.v.) i Store norske leksikon besøker Høgskulen på Vestlandet for å rekruttere fagfolk. Førsteamanuensis Ugnius Vizgirda Mikucionis har møtt opp for å få vite meir.

Forfattarar

DVERGAR OG GRAMMATIKK

Ein annan som har møtt fram på møtet, er Ugnius Vizgirda Mikucionis, førsteamanuensis ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking ved HVL. Han forskar på norrøn mytologi og litteratur og står mellom anna bak fleire publikasjonar om dei mytologiske dvergane, som han meiner det er forska for lite på.

Han kan godt tenkje seg å bli leksikonskribent eller fagansvarleg.

– Ja, kvifor ikkje? Eg har ingen sterk agenda, men eg har kompetanse, særleg på norrøn litteratur og norsk i eit kontrastivt perspektiv, altså norsk grammatikk samanlikna med til dømes litauisk. Eg kan bli med i strikkeklubben. Kanskje eg kan bruke FoU-tid på dette etter kvart, seier han.

Ein forskar som skriv leksikonartiklar, kan rekne med å nå ut til mange. Ifølgje Bolstad ligg kjennskapen til SNL i aldersgruppa 15–19 år oppunder 90 prosent. Det er fleire enn dei som kjenner til nettstaden til NRK.

– Før overgangen til nett selde SNL 270 000 papirleksikon på 30 år. Det er mikroskopisk samanlikna med kor mange som les oppslagsverk i dag.

Dermed kan leksikonskriving vere ein fin måte å oppfylle formidlings- og fagspråkoppdraget på, meiner Bolstad.

– Det er ein effektiv infrastruktur for kunnskapsformidling, utan mellomledd.

Å SKRIVE UTAN REFERANSAR

Dermed får Bolstad to ny fagpersonar til leksikonet denne dagen, med ei kjønnsfordeling på femti/femti. Elles er det ei stor utfordring at kvinner er underrepresenterte mellom leksikonskribentar.

– I SNL har vi om lag 35 prosent kvinner, og den prosenten er svært stabil, men det må jo berre gjerast noko med, seier han.

Ei anna utfordring er å lære akademikarar å skrive i leksikonformat, fortel han.

– Som oftast får vi dytta folk inn i falden, men det er ikkje alltid det går. Det vil alltid vere nokon som ikkje greier å slutte med å putte ei mengd referansar inn i teksten. Problemet er at det ikkje fungerer. Når det står «ifølgje Olsen (2002), s. 23...» – så opplever lesarane at det som står, er usikkert, noko det er tvil om. For skribentane er det ofte det å slutte med referansar som gjer mest vondt.

❖ TEKST OG FOTO: KJERSTIN GJENGEDAL

A new iron curtain

● Professor Hanne Hvidtfeldt Christiansen (pictured) at the University Centre in Svalbard studies how permafrost reacts to climate change. As half of the Arctic lies in Russia, researchers have had to manage without data from half the Arctic region since Putin invaded Ukraine in February 2022. Here she explains the gravity of the situation.

‘If permafrost thaws, methane and CO₂ are released. Without data from Russia, researchers can’t be sure their models for what will happen to permafrost in the future are correct.’

The crisis is particularly felt in Svalbard due to its Russian presence. She says there will naturally be more collaboration in the Nordic region, and with Canada.



PHOTOGRAPH: OLE HUMMUM

‘There’s a new iron curtain now. I don’t think things will change enough for me to interact directly with Russian researchers ever again. During the Cold War, with the blessing of politicians, US and Soviet permafrost researchers visited each other to improve relations. But I think we’re a long way off that, unfortunately.’

Pay rises eaten up by price rises

● The surge in prices has meant that most people’s pay fell in real terms in 2022. Public sector employees got a pay rise of 3.8 percent, which was meant to be an increase in real terms of 0.4 percent. Instead, it was all eaten up by rising prices. Many employees in the private sector, however, received higher pay rises and large bonuses. The president of the Norwegian Association of Researchers (NAR), Guro Elisabeth Lind, points out that pay levels in the manufacturing industry will impact

the challenging wage settlement in 2023. ‘The public sector has lost out to industry for a couple of years now. We can’t put up with this for yet another year,’ she says.

NAR particularly wants to prioritise postdocs in 2023 and perhaps increase the minimum wage for PhD candidates. Lind also encourages universities to use their own funds (such as what is saved when older employees retire) to provide extra money for local negotiations, even when the economic situation is tight.

Temporary employment

● 15.7 percent of staff in ordinary research and teaching posts were temporarily employed in 2022, down from 16 percent in 2021, according to the Norwegian Association of Researchers’ (NAR’s) calculations based on statistics sent to the Database for Statistics on Higher Education by universities and colleges. But NAR doesn’t accept there has been a real decline because postdocs, fixed-term contracts, part-time or «permanent temp» posts aren’t included in the statistics. ‘The overall picture is unfortunately unchanged. There is just a different focus,’ says NAR president Guro Elisabeth Lind.

FRIPRO deadline

● It was announced on 25 November that the government is to grant 1.64 billion kroner to cancel the Research Council of Norway’s debt. This means that the Council can provide funding for the Researcher Project for Young Talents – FRIPRO in 2023. Without this government grant the next call for proposals would have come at the end of 2023, with funding allocated in 2024. Now, young researchers won’t need to wait a year to apply, while other researchers still do. The Research Council of Norway has announced funding of up to 240 million kroner, and the deadline for applications is 15 March.

TWITTER

ET BLIVENDE STED?

Siden Elon Musk kjøpte Twitter, har annonsører trukket seg, ansatte har blitt sagt opp og inntektene har forvitre. Hva gjør forskerne som bruker Twitter til å promotere publikasjoner, diskutere med kollegaer og etablere nye kontakter, nå? For filosof Rani Lill Anjum har Twitter vært gull verdt for å bygge opp forskernettverket, og per dags dato har hun 15 000 følgere. Nå beskriver hun seg selv som «lett nervøs». – Twitter er en veldig effektiv plattform. Det er synd det er i ferd med å bli ødelagt. Men jeg holder ut enn så lenge, sier hun. Les hele saken på Forskerforums nettsider.



STATSBUDSJETTET

FHI må kutte litteraturlitgang

■ Folkehelseinstituttet må kutte 300 millioner kroner som følge av budsjettforliket mellom regjeringen og SV. Det fører til kutt i Helsebiblioteket, som tilbyr abonnementer på tidsskrifter, databaser og faglige retningslinjer som helsepersonell bruker for å holde seg faglig oppdatert. Dette vil ramme institusjoner som ikke har råd til å tegne egne abonnementer. – En del av forskningen er søkbar i åpne databaser, men ikke alt. Man risikerer å miste tilgang på artikler som ikke er tilgjengelig andre steder, sier redaktør Kim Kristoffer Dysthe.

FOTO: GIZEL MAKUTOVA/UNSPASH

DOKTORGRAD

Disputerer like før fylte 50

■ Hundrevis av norske sykepleiere har tatt doktorgrad de siste årene, men hvor er det blitt av dem? spør Forskning.no. Sammen med tidsskriftet Sykepleien har de kartlagt sykepleiere som har disputert ved norske utdanningsinstitusjoner de siste sju årene. Sykepleiere som tar doktorgrad, nærmer seg gjerne femtiårsalderen før de er i mål, noe som er rundt ti år over landsgjennomsnittet for alle doktorander. De aller fleste har forsket mer etter disputasen, men mange skulle gjerne ha forsket enda mer. Ofte er det tiden det står på.



FOTO: MARTHA DOMINGUEZ DE GOUVEIA

FLYKTNINGER

Kun tolv studenter møtte opp

■ I vår bevilget regjeringen midler til 1000 nye studieplasser for nyankomne ukrainske flyktninger. Universitetet i Oslo fikk 100 av disse plassene, med 4,78 millioner kroner i finansiering. Nå viser det seg at etterspørselen ikke var like stor som tilbudet, kun tolv studenter møtte opp. – Det var en kaotisk situasjon, og ingen visste noen ting, kommenterer forsknings- og høyere utdanningsminister Ola Borten Moe (Sp) til Forskerforum. I statsbudsjettet for neste år foreslår regjeringen å halvere antallet.



FOTO: REUTERS

PANDEMI

Gjorde som Warholm

■ Svarte skjerner og enveistale gjorde undervisere slitne, deprimerende og tappet for energi under pandemien, konkluderer en artikkel i tidsskriftet Uniped. – Noen opplevde at forelesningen mistet kvalitet. De ble mindre frie, og det ble monotont og kjedelig, sier Monica A. Breiby, førsteamanuensis ved Høgskolen i Innlandet. Sammen med tre kollegaer intervjuet hun erfarne forelesere med erfaring fra store studentkull. «Når jeg er ferdig, er jeg ganske pumpet», svarte en av foreleserne, som slo seg på brystet som Karsten Warholm for å jekke opp motivasjonen.

FINANSIERING

Får kjøft for hastverk

■ Summen universiteter og høyskoler får per studieplass og uteksaminerte studenter avhenger av type studium og er fordelt på seks kategorier. I vår foreslo finansieringsutvalget ledet av Siri Hatlen å endre på dette, og universiteter og høyskoler skal innen 9. januar komme med innspill. Men mange er misfornøyd med prosessen og for kort frist. – Jeg mener man bør sette ned et utvalg og utrede skikkelig konsekvensene av om det blir endring i kategoriene, sier rektor ved Universitetet i Bergen, Margareth Hagen.



FORSKNINGSRÅDET

Fripro-fristen er klar

■ 25. november kom nyheten om at regjeringen bevilger 1,64 milliarder kroner for å slette gjelden til Forskningsrådet. Det betyr at rådet kan tildele midler til Forskerprosjekt for unge talenter – Fripro i 2023. Uten bevilgningen fra regjeringen ville neste utlysning kommet mot slutten av 2023 og med tildeling i 2024. Nå er oppholdet på ett år avverget for de unge forskerne, men øvrige må fortsatt vente. Forskningsrådet lyser ut inntil 240 millioner kroner. Søknadsfristen er 15. mars.



– Vi streber etter å oppnå fremragende vitenskap, lykkelige folk og lykkelige dyr, sier May-Britt Moser.

FOTO: JULIA LOGE

KJØNNBALANSE

MOSER OM BARNEHAGER

Gode barnehager nær arbeidsplassen og mulighet for tidlig barnehagestart kan hjelpe fram de umistelige kvinnelige talentene, mener nobelprisvinner May-Britt Moser. Hun og hennes daværende mann, Edvard Moser, fikk to barn mens de jobbet med doktorgradene sine. I 2014 fikk de nobelprisen sammen, og i dag leder de Kavli-instituttet for nevrovitenskap ved NTNU. – Folk ble bekymret når de hørte at vi har unger og jobbet dag og natt, sier hun. Vi har snakket med Moser om livet som kvinne i academia, les hele intervjuet på Forskerforums nettsider.



FOTO: HAKON SPARE/NMBU

STATSBUDSJETTET

Skolepenger-skuffelse

■ De som håpet at SV skulle stanse regjeringens budsjettforslag om å innføre studieavgift for studenter fra andre land enn EØS og Sveits, håpet forges. NMBU-rektor Curt Rice (bildet) frykter at studieavgift for noen på sikt betyr avgift for flere. – Fram til dette budsjettet har norske regjeringer respektert gratisprinsippet, sier Rice. – Dette er et løftebrudd som regjeringen må stå ansvar for. Det stod ikke på oss, svarer utdanningspolitisk talsperson i SV, Freddy André Øvstegård.



MIDLERTIDIGHET

– Problemforskyvning

■ I 2022 var 15,7 prosent av ansatte i ordinære forsker- og undervisningsstillinger midlertidig ansatt – mot 16 prosent i 2021, ifølge Forskerforbundets utregning av statistikken universiteter og høyskoler har sendt inn til Statens database for høyere utdanning (DBH). Men Forskerforbundet går ikke med på at det har vært reell nedgang. Postdoktorer, årsmål, bistillinger eller «faste midlertidige» er nemlig ikke med i statistikken. – Det totale bildet er dessverre som før, problemet bare forskyves, sier leder Guro Elisabeth Lind.



Utjamnings- manøveren

Mange administrativt tilsette kjenner seg som på eit b-lag i høve til vitskapleg tilsette. – Ikkje ver for audmjuk, seier forskingsrådgjevar Marit Eldholm.

AV SILJE PILEBERG | FOTO ERIK NORRUD

– Som forskingsrådgjevar må du prøve å finne løysingar på problem. Viss du ikkje veit svaret, så sei at du skal prøve å finne ut av det, seier seniorrådgjevar Marit Eldholm.



– Det er ein nærleik mellom folk her, seier Vilija Duleviciute.

Forskingsrådgjevar Vilija Duleviciute hadde sin første dag i ny jobb då ein professorkollega kom innom kontoret hennar. Dei snakka om å vere nyttilsett, om forskarstøtte, om rolla som forskingsrådgjevar. Og midt i samtalen kom det frå kollegaen: «Men du er ikkje berre ein støt-tefunksjon. Du er ein samarbeidspartnar.»

– Det var så fint! Eg fekk ei kjensle av ...

Ho strevar med å finne ordet.

– ... at eg er ein verdifull medarbeidar. Eg har hatt det bra på dei tidlegare arbeidsplassane mine, men eg trur aldri at nokon har sagt noko slikt til meg før.

Rundt eitt av fire årsverk i høgare utdanning, 24 prosent, er administrative, ifølgje *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2022*. Talet varierer institusjonane imellom, og det same gjer relasjonen mellom administrativt og vitsskapeleg tilsette.

Då Forskerforum tar ein ringerunde til eit titals tilsette i forskingssektoren, fortel både vitsskapeleg og administrativt tilsette om godt samarbeid. Men ein del fortel også at dei har opplevd manglande forståing gruppene imellom. Fleire administrativt tilsette kjenner seg som eit B-lag: Ëi nemner ein idé ho presenterte på eit møte som vart applaudert og send vidare til ein kollega med doktorgrad. Sjølv sat ho skuffa igjen. Ei anna fortel om direkte konfrontasjonar med forskarkollegaer, der plikta til å følgje eit regelverk har blitt sett på som problemskaping.

Ein betre kategori?

Ragnar Lie er seniorrådgjevar i Universitets- og høgskolerådet. Han er også aktiv i Norsk nettverk for forskingsadministrasjon (NARMA), som saman med Forskingsrådet har laga eit kompetanseprogram for å styrke forskingsrådgjevarar i stillinga si. For Lie er problemstillingane over velkjende.

– Eg trur det har blitt mykje betre enn det var. Men eg er sikker på at dei fleste opplever situasjonar der dei blir minte på dette. Det ligg ein underliggande kultur og slumrar i ein del fagmiljø: at dei vitsskapelege er ein eigen og betre kategori, seier han.

Han trur at det til dels heng saman med retorikken om at byråkrati er noko ein må unngå.

– Vi skal vere glade for at vi har profesjonelle byråkratar! Men mange i forskingsadministrasjonen ser seg sjølve meir som spesialistar enn byråkratar. For eksempel har heile seks av ti forskingsrådgjevarar doktorgrad, seier han.

Eit historisk blikk kan utdjupe problematikken. I boka *Universitetet i Oslo 1975–2011: Mot en ny samfunnskontrakt?* skriv historieprofessor Kim G. Helsvig om den store veksten i administrasjonsoppgåver og administrativt tilsette som ein såg særleg i 1970- og 80-åra. Sekretærar og kontordamer måtte vike for konsulentar og rådgjevarar. Med kvalitetsreforma i 2003 gjekk dokumentasjons- og rapporteringskrava ytterlegare opp, noko som også innebar auka krav til vitsskapeleg tilsette.

Herskap og tenarar

Forholdet mellom administrasjonen og vitsskapeleg tilsette kunne bli anstrengt. «Er administrasjonen berre til bry for forskarane, medan forskarane ikkje vil følgje dei byråkratiske spelereglane», spurte Uniforum i 2010 etter ein heftig debatt i Aftenposten mellom ein biologiprofessor og universitetsleiinga. Professoren meinte at administrasjonen var meir oppteken av å leie enn av å yte service overfor fagmiljøa, medan direktøren meinte at professoren ga uttrykk for «en utdatert forestilling om herskap og tenere».

Kim G. Helsvig trur at det framleis er mange vitsskapeleg tilsette som misliker byråkratiet.

– Eg kan ikkje seie at dei føler seg betre enn administrativt tilsette, men det er sikkert ei utbreidd førestilling om at det er dei vitsskapeleg tilsette som leverer på kjerneoppgåvene, og at dei andre er støttepersonell. Ein og annan e-post frå dei vitsskapeleg tilsette kunne nok vore formulert på ein hyggelegare måte, seier han.

Samtidig har han inntrykk av at samarbeidet mange stader fungerer godt. Dessutan:

– Eg trur at ein forskar skal vere ganske dum viss han eller ho ikkje forstår at ein skal vere svært takksam for ein god administrasjon.

– Eit drøymelag

Vilija Duleviciute har sin nye arbeidsplass på ARENA Senter for europaforskning.



– Det er skilnad på hierarki på papiret og opplevd hierarki. Dette bør ein vere bevisst på, også i akademien, seier forskar Bård Fyhn, som har mange år i Forsvaret bak seg.

Allereie første dagen vart ho kasta inn i oppgåvene. Senteret har tidlegare henta inn midlar til fleire store EU-prosjekt og hadde ein søknadsfrist veka etter. Søknadsskriving og oppfølging av det administrative i forskingsprosjekt er ein viktig del av jobben til ein forskingsrådgjevar.

– Eg var imponert over kor godt samarbeidet var. Dei administrativt tilsette hadde ulike roller; nokre hjelpte til med figurar eller bilete, andre gjekk gjennom søknadsteksten og såg om han oppfylte tekniske krav, fortel ho.

Ho har jobba i sentraladministrasjonen ved to andre norske universitet. Også der samarbeidde ho godt med dei fleste forskarane.

– Men eg har ikkje nokon gong i livet mitt sagt, eller tenkt, at eg jobbar på eit «dream-team» så mange gonger som dei siste vekene.

Ho synest at det er vanskeleg å konkretisere årsaka. Men ho trur det handlar om engasjementet ho opplever hos kollegaene: at også folk som ikkje er involverte i det ho jobbar med, spør korleis det går. Sjølv opplever ho at ho kan spørje dei nye kollegaene sine om kva som helst.

– Det kjennest trygt her, seier ho.

Frå Forsvaret til akademien

Bård Fyhn er snart ferdig med ei doktoravhandling ved Norges Handelshøyskole (NHH) om psykologisk tryggleik, altså eit klima der folk er trygge på å uttrykke seg og vere seg sjølve. Dei vågar å dele uro og feilgrep utan å vere redde for negative følgjer.

Fyhn hadde jobba i Forsvaret i mange år, dei fleste åra som leiar. Sjølv om han berre har gode ting å seie om sine nære kollegaer på NHH, har han opplevd nokre hierarkiske

haldningar i akademien som har forbausa han.

– Eg ventar ikkje spesialbehandling, men eg ventar heller ikkje å bli behandla som eit barn. Så når eg blir møtt med «jammen du er jo ein stipendiat», då skal eg innrømme at vi har ei lita utfordring i samarbeidet vårt. Heldigvis er det unntaket meir enn regelen. Dei fleste ser mennesket framfor tittelen, seier han.

Han kjenner att problemstillingane med administrativt og vitskapeleg tilsette frå Forsvaret. Også der har ein både eit gradssystem og ulike kategoriar tilsette.

– For eksempel har Forsvaret maskinistar og teknikarar som er spesialistar på sine felt. Men viss eg, berre fordi eg i nokre tilfelle hadde meir gull på skuldrene, skulle gå og tenkje at eg visste betre enn andre, då ville det gå gale, seier han.

Papir-hierarki og opplevd hierarki

Ifølgje Fyhn har Forsvaret i lang tid lagt til rette for meiningsbryting og trenar på godt leiarskap. Noko av årsaka er bitre erfaringar: I Vassdalen-ulykka i mars 1986 omkom 16 soldatar i snøskred under ei NATO-øving. Det er den verste ulykka Forsvaret har opplevd i fredstid. Leiaren for soldatgruppa hadde sagt til sin overordna at han meinte området ikkje var trygt. Svaret han fekk, var at det ikkje var opp til han å vurdere.

– Det er skilnad på hierarki på papiret og opplevd hierarki. I Forsvaret er folk vane

– Det ligg ein underliggende kultur og slumrar i ein del fagmiljø: at dei vitskapelege er ein eigen og betre kategori.

RAGNAR LIE



Vilija Duleviciute og Marit Eldholm trur at glasveggar, opne kontordører og ei sitjegruppe midt i lokalet påverkar arbeidsmiljøet positivt.

med formelt hierarki, men ein trenar på å skape rom for meiningsbryting. Ein sjef kan ikkje detaljstyre sine tilsette; det fungerer ikkje i møte med kaos og kompleksitet.

Det er i dag mange studiar som tyder på at psykologisk tryggleik er heilt avgjerande for at vi skal ha det bra, og prestere, på jobb, forklarar Fyhn. Det finst også studiar som tydar på at opplevd hierarki er negativt for psykologisk tryggleik.

– I akademia er ein heilt avhengig av ein

eigenskap som kreativitet. Det er vanskeleg å få eit kreativt miljø viss du tenkjer at ein annan alltid veit best fordi han er professor. Vi bør alle vere bevisste på å anerkjenne dei vi har rundt oss, og verdsetje det dei har å bidra med.

– Ikkje ver for audmjuk

Marit Eldholm var forskingsrådgjevar på ARENA inntil nyleg. I dag har ho ein jobb på fakultetsnivå, men ho er ofte innom

senteret, og ein del av jobben hennar er å følgje opp forskingsrådgjevarar som Vilija Duleviciute.

Denne dagen har vi utfordra henne: Etter rundt 15 år i forskingsrådgjevarjobben, der ho sjølv på mange måtar bygde si eiga stilling, kva råd vil ho gje?

– Det første er at du ikkje må vere for audmjuk. Om du les ein søknad og ikkje forstår, er det ikkje forklart godt nok. Slike tilbakemeldingar set forskarane pris på å få, seier Eldholm.

Ho og den tidlegare forskingsrådgjevar-kollegaen hennar diskuterte også korleis dei skulle tiltale forskarar og professorar. I resten av Europa er kulturen gjerne meir hierarkisk enn her.

– Vi kom fram til at vi skulle skrive tittelen deira i første e-post, og at viss dei svarte oss med fornamn, skulle vi gjere det same. Vi la berre til «if I may». Slik tok vi det unna med

– Du må ikkje vere for audmjuk. Om du les ein søknad og ikkje forstår, er det ikkje forklart godt nok.

MARIT ELDHOLM



ein gong, og det vart lettare når vi møtte dei personleg. Ein må ta eit aktivt ansvar for å utjamne, seier Eldholm.

Fleksibilitet og tillit

Eit anna råd frå Eldholm er å vere fleksibel. Jobbar du som forskingsrådgjevar i eit EU-prosjekt, er du eit bindeledd mellom EU-kommisjonen og forskarane. Ikkje berre vis til at «slik er kontrakten», tilrår Eldholm.

– Prøv å finne løysingar på problem. Veit du ikkje svaret, så sei at du skal prøve å finne ut av det.

Her kan det vere nyttig å ha nokon å spørje. Å bruke litt tid på å bli kjend med kompetansen i eigen organisasjon, kan lønne seg, påpeikar Eldholm.

– Bruk også tid på å bli kjend med forskarane. Ver nysgjerrig og interessert. Når ein blir kjent, byggjer ein tillit, meiner ho.

Eldholm har dessutan hatt nytte av konferansane til NARMA. I mai deltok ho på konferansen til den europeiske mor-organisasjonen EARMA, med over 1100 deltakarar frå heile Europa.

– Då ser ein verkeleg at vi forskingsrådgjevarar er ein profesjon. Det finst til og med vitsskapelege tidsskrift om forskingsadministrasjon!

Medan ein går

Seniorrådgjevar Ragnar Lie har vore engasjert i NARMA sidan starten i 2013. Han skildrar konferansane som viktige for å lære og dele.

Lie støttar råda frå Eldholm og trur at fleire av dei også gjeld andre administrativt tilsette.

– Det er nødvendig å kunne dei konkrete arbeidsoppgåvene, såkalla «hard skills». Men det er ikkje tilstrekkeleg. Det er også viktig å kunne utvikle gode samarbeidsrelasjonar, bygge bru mellom enkeltmenneske, å etablere nettverk og jobbe i team. Alt dette er «soft skills», og det gjeld generelt, seier han.

Det er ei dobbelheit i at ein både skal vere støtteapparat og profesjonell, legg han til.

– Du skal ikkje vere ein tenar. Ideelt sett skal du vere ein del av eit team. Men mange forskingsrådgjevarar sit på fakultetsnivå eller i sentraladministrasjonen. Då er det vanskelegare å bli kjent. Gjeld det søknadsarbeid, må forskingsrådgjevarane lese seg godt opp og samarbeide tett med forskarane over fleire månader.

Ei utfordring med forskingsrådgjevarjobben er at han må skreddarsyst behovet, påpeikar han.

– Andre administrativt tilsette kan ha meir klart definerte arbeidsoppgåver, men forskingsrådgjevarrolla må ofte forvalta dynamisk og utviklar seg medan ein går. Det gjer at både forskarane og rådgjevarane kan bli usikre på kva jobben inneber.

Fekk sommarferie likevel

Marit Eldholm hadde ein jobb ho stortreivst med i 15 år. Ho trur at ARENA si oppskrift ikkje berre er godt for arbeidsmiljøet, men også for måloppnåinga:

– Senteret har klart å hente inn midlar til fleire store EU-prosjekt, som dei har koordinert godt. Det er ein føresetnad at miljøet har god forskning, men eg trur også at det kjem av samarbeidet mellom forskarane og administrasjonen.

Medan forskarane konsentrerer seg om faga sine, løysar dei administrativt tilsette andre problem, som: Kva gjer ein når ein forskar som ein samarbeider med ute i Europa, bytar jobb?

– Det finst forskarar som fiksar såne ting sjølve. Men dei trur eg er litt sånn turbo-forskarar, ler Eldholm.

Samarbeidet på senteret ser altså ut til å gagne fleire partar. Og Vilija Duleviciute er ikkje den einaste som har blitt forbløffa over sin nye arbeidsplass: Då Daniel Naurin for

to år sidan skulle starte i ny stilling som senterleiar, fekk han ein e-post frå dåverande forskingsrådgjevar Marit Eldholm. Ho ønskte han velkomen og informerte samstundes om at dei var i ferd med å søkje nettverksmidlar frå Norges Forskningsråd. «Oi, her må eg jobbe i sommar», tenkte Naurin. Men så såg han vedlegget.

– Der låg det fem sider med kjempebra søknadstekst som Marit hadde skrive. Eg hadde aldri opplevd noko liknande. Det var heilt nytt for meg at administrasjonen var involvert på den måten. ●

Kva er den viktigaste skilnaden på administrativt og vitsskapeleg arbeid?



ASTRID VIGTIL
senior forskingsrådgjevar ved NTNU, tidlegare forskar.

– Som forskingsrådgjevar i administrasjonen yter du tenester til forskarane, medan du oftast ikkje har di eiga forskning. Som rådgjevar må du ha eit større bilete av forskinga: heile verkemiddelapparatet, regelverket, forskingsstrategi og politikk.



STIAN SUNDELL TORJUSEN
førsteamanuensis ved Universitetet i Sørøst-Noreg, tidlegare forskingsrådgjevar.

– Vitskapeleg tilsette får ein del tid til forskings- og utviklingsarbeid og står ganske fritt til å fylle den tida. Då eg jobba administrativt, var det eit visst rom for dette, men rammene var strenge, og ein jobba ofte med satsingar som kom ovanfrå.



JON ANSTEIN OLSEN
seniorrådgjevar ved Oslomet, tidlegare forskar.

– Som administrativt tilsett må ein trivast i ei birolle og med mange ulike nye små og store oppgåver frå dag til dag. Ein må like å hjelpe folk og å jobbe med forskning utan å eige forskinga. Men mykje er òg likt – ein jobbar i kjent miljø og for same overordna mål.

FOTO: TEREZIA MINARIKOVA

FOTO: ESPEN SCHIETNE

FOTO: BENJAMIN A. WARD

TYSKLAND

GULLMYNTER FRA OLDTIDEN STJÅLET

Rundt fire kilo keltiske gullmynter fra oldtiden er blitt stjålet fra et museum i Manching nord for München, opplyser politiet. Myntene var fra rundt år 100 før vår tidsregning og ble funnet i 1999. Nyhetsbyrået DPA skriver at myndighetene vurderer verdien av myntene til å være flere millioner euro. Det er ingen spor av tyver eller tyvgods så langt. – Tapet av den keltiske skatten er en katastrofe. Som et vitnesbyrd om vår historie er gullmyntene uerstattelige, sier Bayerns minister for kunst og vitenskap, Markus Blume, til nyhetsbyrået DPA. (NTB)

STORBRITANNIA

Flertallet nådde ikke klimamål

■ Universiteter i Storbritannia hadde et mål om å redusere CO₂-utslippene sine med 43 prosent mellom 2006 og 2021. Men bare 41 prosent av universitetene oppnådde målet, skriver BBC. Universitetene måles også på andre klimamål. Over 100 universiteter har sagt at de skal trekke investeringene sine ut av fossile brennstoff, men bare 60 har gjort gjeldende vedtak om det, ifølge organisasjonen People and Planet. Fire universiteter har bestemt at fossilselskapene ikke får rekruttere studenter via karrieresentrene.

FOTO: MARKUS SPISKE/UNSPLASH



INDIA

Mikrochip i vitnemål

■ Tidligere tiltak som papirkvalitet, logoer, unike koder og vannmerker har ikke vært tilstrekkelig for å få bukt med et økende problem med falske vitnemål. Nå vil universiteter og myndigheter i delstaten Telangana, der universitetsbyen Hyderabad er hovedstad, legge inn mikrochippene i avgangspapirene, skriver The Siasat Daily. Studenter må også betale for å bli lagt inn i en database der arbeidsgivere, også mot betaling, kan sjekke om dokumentene deres er ekte.

FOTO: MICHAEL DZIEDZIC/UNSPLASH

DANMARK

Omstridt forsker oppsagt

■ Åtte forskere er sagt opp fra Danmarks institutt for Pædagogik og Uddannelse (DPU) på Aarhus Universitet, blant andre Thomas Aastrup Rømer. Han har kritisert instituttets forskning for å være «propaganda-aktig» til forsvar for den mislykkede folkeskolereformen fra 2013, skriver Akademikerbladet. De oppsagte er vurdert på undervisning, forskning og samarbeidsvilje, og instituttet avviser at det er faglige eller personlige grunner til at Rømer er sagt opp.



FOTO: NISCHAL MALLA/UNSPLASH

USA

Storstreik i flere uker

■ 48 000 postdoktorer, doktorgradsstudenter og vitenskapelige assistenter på University of California streiket i tre uker i november og desember. Universitetet lønner master- og doktorgradsstudenter for undervisning, men ikke for arbeidet med avhandlingen. Selv med 20 timer undervisning i uken tjener de dermed under det en gjennomsnittlig husleie i området koster, ifølge Time. Nå er postdoktorene lovet rundt 20 prosent lønnsøkning over en treårsperiode, ifølge Chronicle, men det er uklart hvem som skal betale for dette, og forskningsgruppelødere frykter at de må ta hele regningen.

CANADA

Reduserer bosettingskrav

■ For å opprettholde de offentlige bevilgningene krevde lokale myndigheter at minst 500 av de ansatte og hele ledelsen ved Athabasca University måtte bo i Athabasca. Universitetet har stort sett digital undervisning, og få av studentene, ansatte eller ledelse har bodd i byen der universitetet formelt ligger. Nå har universitetet akseptert en kompromissavtale: I løpet av fire år må ni i ledelsen og 277 ansatte bo lokalt. Dette er like fullt en økning ettersom 252 ansatte i dag bor i byen, skriver Global News.



FOTO: RENAN KAMIKOCA/UNSPLASH



FOTO: THE BRITISH MUSEUM / NTB

Rosettasteinen er en av hovedattraksjonene når British Museum nå markerer at det er 200 år siden skriften på steinen ble tydet.

EGYPT

KREVER ROSETTA-STEINEN TILBAKE

Rosettasteinen fra oldtidens Egypt førte til et gjennombrudd i arbeidet med å tyde hieroglyfer fordi samme tekst er hogd inn med hieroglyfer, demotisk skrift og gammelgreske bokstaver. Steinen står nå i British Museum. Den ble fjernet fra Egypt av britiske imperiestyrker i 1801, som del av en fredsavtale mellom Frankrike og britene. British Museum mener avtalen er gyldig fordi den er underskrevet av en osmansk admiral mens Egypt formelt var styrt av sultanen i Istanbul. Det pågår flere kampanjer for å få steinen tilbake til Egypt, men museet har ikke mottatt en formell henvendelse fra Egypts regjering.

SVERIGE

Legger ned konfliktfylt institutt

■ Etter mange år med dårlig arbeidsmiljø har Lunds universitet bestemt seg for å legge ned Institutt for astronomi og teoretisk fysikk for å få bukt med en destruktiv uformell ledelse. De ansatte flyttes til flere andre institutter, og studentene skal få gjøre ferdig utdannelsene sine, forsikrer instituttet. Problemene på instituttet ble så store at de fikk omtale i tidsskriftet Nature. Det er ikke ofte arbeidsmiljøproblemer blir så omfattende, skriver Universitetsläraren, men i fjor skjedde noe tilsvarende ved Uppsala universitet, som så seg nødt til å avvike et institutt for nevrovitenskap.



FOTO: KARL HEDIN/UNSPLASH

UKRAINA

Tilbake til universitetene

■ Etter at Kharkiv ble gjenerobret fra Russland i september, har ansatte kommet tilbake til universitetene, skriver Science. Det ligger over 70 universiteter og høyskoler i byen, og de fleste er skadet av krigen og må repareres. Noen ansatte er tilbake på laboratoriene sine og litt digital undervisning er i gang, til tross for strømbryt og lite oppvarming. Over 1300 forskere og titusener av studenter har flyktet fra Ukraina, og manglende studenter fører også til oppsigelser. Samtidig er det etablert rundt 40 internasjonale programmer for å støtte ukrainske forskere.

Den som hører stemmene i sakprosaen, kan bli en ryddigere forfatter.

Med øre for tekst

Sakprosa-professor **JOHAN LAURITS TØNNESSEN**
i samtale med Bår Stenvik | Foto: Erik Norrud

Da Johan Laurits Tønnesson¹ tok hovedfag i nordisk, var han i førtiårsalderen og hadde allerede studert både musikk, historie og nordisk, og jobbet som formidlingskoordinator i Norges allmennvitenskapelige forskningsråd. I hovedfagsarbeidet ble alle disse interessefeltene etter hvert flettet inn i hverandre.

– Det store spørsmålet mitt var «Hvordan formidle vitenskap». Jeg var også opptatt av dette med «stemmer», som var litt moteriktig den gangen. Så jeg bestemte meg for å gå under overflaten i historiker-tekster, og lytte etter stemmer.

– **Fordi hver tekst kan være flerstemt, som i musikken?**

– Nettopp. Pamfletten er énstemt, eller *monofon*. Den durar på med én stemme. Men et verk kan også være flerstemt, eller *polyfont*. Den russiske litteraturforskeren Mikhail Bakhtin er kjent for sine teorier om romanen. Hans ideal er Dostojevskijs *Brødrene Karamasov*, og der viser han hvordan stemmene til brødrene Aljosja og Ivan er likeverdige – ingen av dem er helten. Men sakprosa, sier Bakhtin, er *homofoni*. For sakprosaisten har noe han vil ha fram, og så orkestreer han teksten med andre stemmer, som kan motsi, og det foregår en diskusjon i teksten.

– **Men lederstemmen konkluderer til slutt?**

– Ja, hvis du skriver helt polyfont, vil ingen få vite hva din egen holdning er. Jeg tror mitt ideal for sakprosa er at det skal være homofont, altså at det skal være en melodistemme som er den dominerende. Og har det siste ordet.

Tønnesson plukker fram sin egen doktorgradsavhandling, *Tekst som partitur*, og leser høyt et utdrag fra historiker Finn Olstads *Sandefjords historie*:

– «Alt var svart eller hvitt – gode nordmenn eller landssvikere. Helt uberettiget var ikke dette. Kan avskyen og fordømmelsen mot nasjonal samling avfeies?» ...

Og så videre. Etter å ha lest hele avsnittet viser Tønnesson fram hvordan de ulike setningene og leddsetningene kan tilskrives ulike

– Jeg fikk en delinteressante,
men håpløst skrevne manus
fra professorer her ved
universitetet.

stemmer i teksten: «Den nøytralt avveiende historikeren», «Den klassiske okkupasjonshistorikeren» og «Den revisjonistiske okkupasjonshistorikeren».

– **Men i dette partituret har du også flere lesere, ser jeg?**

– Ja, jeg oppdaget et begrep som Umberto Eco² etablerte i 1979, *modell-leseren*. En underforstått leser som forfatteren skriver fram, som utvikler seg i løpet av teksten og blir en modell for vår lesning. Men jeg syntes det var utilfredsstillende med bare én modell-leser.

I «partituret» i boka er leserne utlagt skjematisk med sine tenkte responser på teksten. Modell-leser A er «Den patriotiske sandefjordingen», B er «Den nytenkende sandefjordingen», C er «Den kompetansevurderende faghistorikeren med en fordomsfri tilnærming til okkupasjonstiden», og D er «Den erkjennelsessøkende lokalt orienterte historikeren med et levende, men ikke fanatisk anti-NS-standpunkt».

Tønnesson har latt leser A respondere på første setning i Olstad-utdraget med «Svart eller hvitt? Ja, det var jo sånn det var», mens leser C tenker: «Ja, nå er jeg litt spent på drøftingen av dette her».

– **Dette er jo et slags lesedrama, der du har dramatisert både forfatterstemmer og lesestemmer?**

– Ja, og så gikk jeg ut i verden og intervjuet *virkelige* lesere: for eksempel en som var 90 år og hadde vært vakt for såkalte tyskertøser i de dagene, og fikk deres respons på for eksempel setningen om at «alt var svart eller hvitt». Her ville 90-åringen si: «Ja, det var sånn det var.» Men jeg intervjuet også en ung jente, hovedfagsstudent i nordisk fra Sandefjord, som hadde en helt annen respons når det gjaldt tyskerjentene: «Ja, det var sånn man tenkte, man tenkte liksom ikke på andre faktorer.»

– **Er dette også et godt analyseverktøy for akademiske tekster? Du har jo jobbet mye med klarspråk for det offentlige, der idealet er en tydelig jeg-stemme med et entydig budskap. Men i akademien er det mye forbehold.**

– Ja, dere journalister liker jo ikke det, dere vil vite «hva du *egentlig* mener». Men i akademisk skriving kan det være gode grunner til såkalt «hedging», at man skjuler seg litt i teksten. I mange situasjoner er det ikke noe ideal at man skal stå fram med en veldig tydelig forfatterstemme. Jeg spiller ofte som veileder inn at tekster med hell kan knyttes mindre til forfatterens person. Men på den andre siden har det vært litt overdrevet tradisjon for å utrydde «jeg». Jeg leste en veiledning for franske studenter der de snakket om «det heslige ordet *jeg*». Det sto at bare folk på min alder kunne tillate seg slikt, for unge akademikere var det en stor forbrytelse å skrive *jeg*. Men den tid er forbi.

– **Men apropos flerstemmighet: Den akademiske artikkelen er jo en dialogisk sjanger nesten per definisjon?**

– Ja, vitenskapelig skriving skjer i dialog med andre forskere, og derfor er det veldig vanlig med «adversative» uttrykk (uttrykk som

¹ Født i 1956, professor i sakprosa ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved Universitetet i Oslo (UiO). Blant annet redaktør for *Den flerstemmige sakprosaen* (2002) og forfatter av *Hva er sakprosa* (2008/2012). Vinner av UiOs Utdanningspris 2021. Hans definisjon av sakprosa har fått gjennomslag på steder som Kulturrådet og Store norske leksikon og lyder: «En sakprosaetekst er en tekst som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten.»

² Italiensk filosof, forfatter og litteraturteoretiker

■ – Flerstemmighet i tekst har for meg vært en nøkkel til å forstå tekster, sier Johan Tønnesson.



forbereder en kontrast eller motstand til det som er nevnt før, red. anm.), for eksempel however, imidlertid og derimot. «Vi har hevdet <synspunkt A>, imidlertid er det også en del som peker i retning av <synspunkt B>».

– Men jeg synes jeg ser en del passasjer a la «Vi har hevdet <synspunkt A>, imidlertid kan det også sies at <synspunkt A(variant)>». Altså at de adversative ordene brukes uten at det er reelle motsetninger i innholdet?

– Jeg er i alle fall fryktelig streng med studentene, for det er så mange som forveksler imidlertid og derimot. De synes «imidlertid» høres jålete og gammeldags ut, og så skriver de «derimot» i stedet. Men det er veldig forskjellig nivå på det adversative i de to uttrykkene.

– Kan det hjelpe å se for seg disse motsetningene som ulike stemmer?

– Jeg var tidligere redaktør i forskningstidsskriftet Apollon, og fikk en del interessante, men håpløst skrevne manus fra professorer her ved universitetet. Da utviklet jeg en enkel teknikk: I margin prøvde jeg å skrive spørsmålet som det enkelte avsnittet var svar på. Da kunne jeg sende manuset tilbake til forskeren og si «Kan du etablere en bedre struktur i forløpet av spørsmål?»

– At det neste spørsmålet må følge logisk av det forrige svaret, og så videre?

– Ja, for man blir forvirret som leser hvis stemme A blir fulgt av stemme C uten at det er noen egentlig dialog mellom dem.

– Det får meg til å tenke på en ting med forbehold: Om man har en setning som starter med «Selv om ...», innebærer det ofte at den setningen begynner med et forbehold, som dermed blir etablert før vi får vite hva setningen faktisk handler om. Forfatteren begynner å snakke om unntaket før han har sagt hva regelen er. Så kanskje journalistenes frustrasjon over akademiske forbehold ikke alltid skyldes forbeholdene i seg selv, men hvor de plasseres.

– Dette er ikke jeg ekspert på.

– Men det slår meg at i din modell kan dette utlegges som at stemme C kommer med en innvending mot noe som stemme B foreløpig ikke har påstått?

– Ja, som sådan kan jeg kanskje si at jeg er ekspert likevel. Dette minner meg litt om det siste manuset jeg kommenterte. Artikkelen konkluderte med «at begrep X ikke var nyttig i den aktuelle sammenhengen». Men jeg syntes *det* var ganske opplagt. Det nye bidraget i teksten var at forfatteren foreslo et alternativt begrep, men det kom litt i forbifarta. Så jeg foreslo å starte med det som tidligere var konklusjonen, og heller konkludere med det alternative begrepet. Det er godt eksempel på dårlig orkestrering av en tekst, som kan bedres med et motsatt forløp.

– Fordi man må gjøre et valg om hvilket spørsmål som skal besvares – er det «Er begrep X nyttig?» eller «Finnes det et alternativ til X»? To spørsmål som representerer ulike versjoner av modell-leseren og hva hen lurer på?

– Nettopp, og det riktige spørsmålet måtte på plass før det var noen vits i å sende artikkelen til fagfellevurdering.

– Er modell-leserne nyttige i klarspråk-sammenheng også?³

– Om du tenker deg et skjema fra NAV, så finnes det ikke én type lesere av dem. Noen lesere går selv til lovteksten og til forskriftene og finner ut av det hele. Så jeg mener en klarspråklig tekst skal gi tilgang til lovteksten bak. Men en juridisk kyndig modell-leser kan de aller fleste ikke strekke seg mot. Den internasjonale definisjonen på «Klart språk» er at det «bistår leseren i å finne det de leter etter, forstå det de finner, og at de kan bruke det de finner, til å gjøre det de skal». Så da må vi ha en modell-leser 2, som har et problem,

³ Betegner internasjonal forskningstradisjon og tiltak i en rekke land for å gjøre offentlige tekster mer tilgjengelige og forståelige. I Norge fikk vi egen klarspråk-paragraf i språkløven nylig: «Offentlige organ skal kommunisere på eit språk som er klart, korrekt og tilpassa målgruppa.» Tønnesson har vært en drivkraft i norsk klarspråk-arbeid og leder bachelor-programmet «Klart språk».

■ – Du kan som forfatter skape modell-lesere i teksten din bevisst, sier Johan Tønnesson.
– Men de kan også være litt unndratt din vilje.




skal finne ut av regelen, og skal få løst det. Men her er det noe som mangler: medborgeren som deltaker i demokratiet som faktisk skal skjønne det som foregår. Vi fikk den første norske avhandlingen om klarspråk i fjor, av Ida Seljeseth. Den heter «Klart språk og retorisk medborgerskap» og handler om denne tredje modell-leseren: den kritiske medborgeren. Så jeg synes at tanken om å bygge forskjellige modell-lesere er høyst nyttig.

– Det får meg til å lure: Kan ikke en og samme fysiske leser være polyfonisk og ha flere av disse leserrollene i seg?

– Jo ...

– For det minner meg om den Gunnar Aakvaag-debatten fra 2020⁴. Han hevdet at journalister forsimpler offentligheten, fordi de bare bruker eksempler og ikke teori. Sakprosa burde derfor også skrives av akademikere, som skaper reell forståelse og ikke bare gode historier. Men jeg skjønnte aldri hvorfor det var noen motsetning mellom gode eksempler og teoretisk innsikt? Om man har en modell-leser som ønsker å forstå teorien, men også gjerne vil ha et eksempel for bedre å se for seg hva det innebærer? Er det mulig at akademikere er i overkant redde for eksempler?

⁴ I 2020 satte sosiolog Gunnar C. Aakvaag i gang en debatt i Morgenbladet og flere andre medier ved å angripe journalisters fokus på «eksempler» og «historier», og oppfordre forskere til i større grad å formidle fagstoff på egne premisser, som ville ivareta en mer kompleks forståelse av teori og modeller.



– Jeg vil strekke meg så langt som til å si følgende: Vekten på at analysen skal være valid, gjør at vi ofte overser det store potensialet som finnes i eksempler. Der kan jeg lene meg til vitenskapsfilosofen Bent Flyvbjerg. I boka *Samfunnsvidenskab, der virker* har han et kapittel som heter «Eksempels makt». Der tar han for seg en lokalpolitisk dansk strid om miljøtiltak, og viser hvor mye vi kan få ut av eksemplet selv om det overhodet ikke er representativt. Idealet om representativitet kan hindre mye original forskning.

Tønnesson smiler.

– Her kan jeg få mange Forskerforum-lesere på nakken, vet du.

– **De samme som er skeptiske til kvalitativ forskning, kanskje?**

– Men da vil jeg si «ja, takk begge deler». Og så vil jeg legge til at en del av oss humanistene er for dårlige til å utnytte «big data». Rett borti gangen her har vi tekstlaboratoriet med enorme korpus. Det har jeg brukt altfor lite. Mitt ideal måtte være en stor oversikt over mønstrene i et felt, kombinert med evnen til å gjøre ideografiske studier. Og da får jeg ikke Forskerforum sine lesere på nakken likevel, for en sånn både-og-løsning vil de selvfølgelig akseptere.

– **Men jeg avbrøt deg, du snakket om klarspråk-satsingen.**

– Ja, den har vært sabla gøy å stå i spissen for. Og der er vi allerede i første time i gang med eksempler. *Finn en tekst på nettet, prøv å finne ut hva som er galt, og hvordan den kan forbedres.* Det kan være fra det helt enkle språklige til design av nettsiden eller «brukerreisen».

– **Veldig praktisk orientert?**

– Ja, og det er samfunnsnyttig så det suser. Denne trygdeskandalen i NAV kom som gave til studiet i all sin forferdelse. For da skjønner folk hvor alvorlig det er når kommunikasjonen ikke fungerer mellom det offentlige og brukerne. Så kom pandemien som neste gave, fordi alle skjønnte at kommunikasjonen fra helsemyndighetene var like viktig som vaksinene. Og at klarspråk var nøkkelen.

– **For å sikre at den folkelige modell-leseren blir ivaretatt?**

– I det første semestret deres tok jeg opp hva en «klarspråkmedarbeider» egentlig er, hva skal studentene bli? Og da var det en av dem som sa: «Vi er folkets ombud inn i byråkratiet.» Det synes jeg er stort og vakkert.

– **Har også akademikere et samfunnsansvar for å gjøre god informasjon tilgjengelig?**

– Det synes jeg er opplagt. Særlig i USA har en enorm del av befolkningen sin egen alternative virkelighetsoppfatning, med egne regler for hva som er reell kunnskap. Framfor å moralisere og drive faktasjekk så er det superviktig at vi skriver mange etterrettelige og bredtfavnende tekster og setter dem i omløp. Jeg har stor tro på forskningsformidling i en sånn sammenheng. En forskningsformidling ikke bare for Biden-sjiktet, men også de andre. Da må man bruke mye fantasi og litterær kraft. Og man må skape modell-lesere som ikke er så lik en selv. ●

Protokollar avslører heftig giftbruk

Salet av gift eksploderte på 1800-talet. Men hvorfor selde apoteket i Lillesand store mengder kvikksølvssalve?

AV JOHANNE LANDSVERK



Apoteka loggførte alt sal av gift til private. – Desse giftprotokollane er ei gullgruve, seier Anne Mette Seines. Her i Ibsens gamle apotek i Grimstad.

Foto: Johanne Landsverk

FORSKAR: Anne Mette Seines, stipendiat ved Institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder

PROSJEKT: giftprotokollar og giftpraksis i Skandinavia i tidsrommet 1800–1970

METODE: kvantitativ analyse av giftprotokollar

UUNNVERLIG VERKTØY: skylagring av data, Excel-ark

Vakker og giftig grønne med arsenikk og kopar.



FOTO: METROPOLITAN MUSEUM

Mellom permene gøymer det seg forteljingar, noterte ned med snirklete handskrift: namnet på dei som kjøpte gift, kor mykje dei kjøpte, og kva dei skulle bruke det giftige stoffet til.

– Apoteka sine giftprotokollar er svært rike kjelder til å forstå kva som gjekk føre seg i lokalsamfunnet, og korleis folk forholdt seg til ulike former for gift i tidlegare tider, seier Anne Mette Seines, stipendiat i historie ved Universitetet i Agder. I fleire år har ho studert og analysert giftprotokollar frå ulike skandinaviske apotek, der salet av giftige stoff til privat forbruk vart registrert.

I dag har Seines teke turen til Ibsen-museet i Grimstad, til apoteket der lærlingen Henrik Ibsen stod bak disken som 19-åring. Apotekhyllene er fulle av gamle boksar med etikettar. Men ingen giftflasker er å sjå, dei er forsvarleg låst inne.

– Eg hadde håpa å finne den gamle giftprotokollen her, men han er visst ikkje å finne. Det hadde vore interessant å sjå om apoteket her selde kvikksølvsalve, slik som apoteket i nabobyen Lillesand, seier ho.

Store mengder kvikksølvsalve

For allereie i 2016 gjorde Seines eit oppsøksvekkande funn då ho gjekk gjennom giftprotokollen til det første apoteket i Lillesand, som i åra 1867–1880 vart drive av apotekar Gustav Gottwald.

– I ei årrekke selde apoteket alarmerande mykje mercurialsalve, eller såkalla gråsalve, som var eit mykje brukt middel mot skabb, lus, lopper og anna utøy. Gråsalven kunne innehalde så mykje som 30 prosent kvikksølv, oftast blanda ut i svinefeitt. Salven etterlet seg grå flekker på huda og på kleda som var vanskeleg å få av, forklarar Seines.

Kvikksølv er eitt av tungmetalla som i dag er strengast regulert, fordi det er så giftig. Men slik var det ikkje i Lillesand på 1800-talet. I løpet av dei 13 åra Gottwald dreiv apoteket, vart det notert 1299 sal av gift, og 75 prosent av salet var gråsalve «mot utøy». I

tillegg kom sal til kundar som hadde resept frå legen. Så kva var det med denne byen?

Syfilis på Sørlandet

